# Kristus er oppstaden!

I

Kristus, Guds evige son er oppstaden!
Gled Deg kvar ein syndar!
Lyft di röyst til lovsong!
Lækjast kan den ovdjupe, gruvelege skaden
Ormebitet mannsens born vart såra av hin gong!

Kor:

Kristus er oppstaden! Kristus er oppstaden!
Evigt liv for kvar som trur, stig fram med Krist or grav!

— : —

Död, kvar er no brodden din? Og Hel, kvar er din siger?
Kristus braut igjenom all di helvit-hermakt!
Skjelv, og sjå din Sigerherre no or gravi stiger!
Gjennom alle ævor gjeld det Han hev gjort og sagt!

Kor:

— : —

Angstfulle, maktlause, vanebundne syndar:
Du som ottast döden, tyngjest ned av sjukdom:
Höyr kva Gud for Kristi skuld
i nåde oss forkynner:
„Kvar som trur på Jesus Krist skal sleppa gå til dom!"

Kor:

(Joh. M. L. Rydland)